



# Vang kommune

Anne Grøv Westerheim  
Kirkeveien 56a  
1395 Hvalstad

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

AAEEMI-2022004578 -5

**Arkiv:**

GBNR-6/18

**Vår dato:**

22.07.2026

| Saksnr. | Utval                    |
|---------|--------------------------|
| 142/26  | Hovudutval for utvikling |

## Tillatelse til tiltak - Fritidsbustad

Tiltak: Fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 6/18 Opdalstølen 17  
Tiltakshavar: Anne Grøv Westerheim  
Kirkeveien 56a  
1395 Hvalstad  
Ansvarleg søkjar: Tveitabru Bygg As  
Tyinvegen 3831  
2973 Ryfoss

### Vedtak

Vang kommune godkjenner søknad om løyve til fritidsbustad på gnr. 6 bnr. 18. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3.

Du må oppfylle desse vilkåra for at vedtaket skal gjelde:

- Tiltaket skal plasserast i tråd med godkjent situasjonsplan, med journaldato 21.07.2026, jf, pbl. § 29-4. Koordinatar på etablert grunnmur, KOF-fil, skal sendast kommunen seinast ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

### Saksopplysningar

Det er søkt om løyve til oppføring av ny fritidsbustad på eigedomen gnr. 6 bnr. 18. Eigedomen er regulert til fritidsbebyggelse i kommunedelplan Tyinkrysset.

Kommunen fekk søknad om tiltaket 16.juni 2026. Søknaden inneheld naudsynte teikningar, og andre tekniske opplysningar. Situasjonsplanen syner tilkomst og plassering. Søknaden var komplett 22.juli 2026.

Tiltaket skal ikkje tilknyttast kommunalt vatn og avlaupsanlegg, men det leggjast opp rør for eventuell tilknytning på seinare tidspunkt.

Tiltaket er nabovarsla i tråd med pbl. § 21-3. Det føreligg ingen merknadar til tiltaket.

### **Vurdering**

Omsøkte tiltak blir vurdert til å vere i samsvar med føremål i føresegner i kommunedelplan Tyinkrysset. Tiltakshavar har søkt om sjølvbyggjar som UTF på arbeidet innvendig i fritidsbustaden. Tiltakshavar har redegjort for si eiga kompetanse for å stå som UTF sjølvbyggjar. Kommunen vurderer at tiltakshavar har naudsynt kompetanse, og godkjenner søknaden som sjølvbyggjar.

Alle ansvarsområde ser ut til å vere dekkja av erklæringar om ansvarsrett. Kommunen har ingen merknadar til desse, jf. pbl. §§ 20-3, 23-1 og 23-3. Erklærte ansvar i tiltaket kjem fram av gjennomføringsplanen datert 22.07.2026.

### **Teikningsdokumentasjon**

Løyvet er basert på teikningar datert med journaldato 21.07.2026.

### **Føresetnader med heimel i lovverket**

- Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen, i tilfelle tilsyn eller kontroll.
- Vi legg til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendig ansvarsrett jf. pbl. § 23-3.
- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.
- Du/de kan ikkje ta i bruk bygningen/tiltaket før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl. § 23-2.

### **Du kan klage på dette vedtaket**

Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir klaga send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

### **Gebyr**

Du må betale eit gebyr på kr 20 000, jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Emilie Aaen

Saksbehandlar bygg og tilsyn

*Dir. tlf.: 418 76 349*

E-post: [emilie.aaen@vang.kommune.no](mailto:emilie.aaen@vang.kommune.no)

**Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.**